

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hamre

Emne: Helsing, fakter. åtferd

Bygdelag: Dalebygda (Leknesbygda)

Oppskr. av: Sverre Kvamme

Gard: Mundal

(adresse): Leiknestangen

G.nr. 10 Br.nr. 3

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko er fortald, mest eigen røynsle.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Folk gjev uttrykk for "ja" ved å nikka med hovudet, "nei" ved å rista på det. Sumtid brukar einskilde menneske armrørsle. t. d. retta opp handa snøgt, halda ho roleg ein augneblenk. Denne rørsle har eg sett vert brukt både som ja og nei, og er altså ikkje å lita på.
2. Før bygda fekk vegsambang - og seinare til ferdsåa vart større, var det ålment at ~~bygdefolke~~ bygdefolket helste på alle dei møtte på vegen anten det var kjende eller ukjende folk. Det var skikken. No helsar ein berre på kjende folk, og det er minkande med det også.
3. Dei unge skulle helsa først. Dei skulle syna vørnåd mot dei eldre.
4. Ved møte, og når ein nådde nokon att, vart dei ålmenne ord: God dag, osb. nytta. Som tilleg vart ofte desse orda brukt etter sjølve helsinga: Velkomen til, På bygdemål: Velkobmen te, Svaret var: Takk seia me. På den måten vart det mest som rim i talen. Det heitte Velkobmen i eintal, Velkobne i fleirtal. Svaret i eintal var: Eg seie takk, eller berre Takk. Mennene tog hovudplagget av og handhelsa på alle, kvinnene handhelsa. Ved slike møte når ein berre gjekk framom dei møtande helsa ein berre God Dag osb. Mennene letta på hovudplagget. Ingen handhelsing.
5. Ein helsa embetsmennene ved å letta på hovudplagget (hatten) og handhelsa om han ville det. Sume embetsmenn avviste den ålmenne skikken: handhelsing. Ein tok alltid av seg hatten når ein helsa på folk ein ikkje såg så å seia dagleg, - men skulle det vera rett helsing så måtte handa brukast. Mellom grannar fekk det vera nok med ordet God Dag osb. Når dei møtte embetsmenn, måtte nok hatten vera lenge av hovudet. Såleis når dei stod

på Borg-garden og venta på at presten skulle koma i kyrkja og preika.

- 6. Denne helsingmåten kjenner eg ikkje til.
- 7. Ukjend.
- 8. Handhelsing vart brukt:
Når ein møtte kjendfolk på ,td. på kyrkjevegen, på kyrkjestaden, ved ~~garvferd~~ gravferd, brudlaup og andre folkesamlingar, byferd, gjesting o.l. Ein helste på alle, store og små. Enno brukar dei eldre denne skikken når dei kjem i gravferdstunet eller i brudlaup. Dei går rundt til alle i stova og handhelsar.
- 9. Ja.
- 10. Når folk var på kyrkjevegen og dei hørde klokkene, da stogga mennene og tok av seg hatten. Dei som rodde heldt årane oppe(støtta dei under kneet) medan dei fekk ta av seg hatten. Dette gjeld sundagane. Klokkeklang i veka ~~hadde~~ ikkje vart ikkje møtt med slik helsing. På kyrkjeferd falda kvinnene hendene og bøygde hovudet, når dei hørde kyrkjeklokkene. Men heller ikkje dei hadde nokon helsingmåte til kyrkjeklokkeklangen om kvar dagane.
- 11. Når dei møtte eit likfylgje på vegen, var skikken at ein gjekk ~~x~~ eit stykke utom vegen medan fylgjet gjekk framom. Slik no også. Ved brudlaup står ein og sto eit stykke frå vegen i det ærend å sjå brura.
- 12. Nei dette er ukjende ting. Men kring 1910 var det folk som helste når dei steig inn i naustet.
- 13. God morgon (gomorn) til det vart lyst. Det vil seia om vinteren til kl.10, om sumaren til kl.9. God dag(goddag) medan det var lyst. Om vinteren til kl 15-16, om sumaren til ca.kl.18-19. God kveld resten av dagen. God natt vart helst brukt som "far vel" helsing(når dei gjekk frå tunet, når dei skildest).
- 14. Det vart sett på som udana å misbruka ei helsing. Helsinga var tidfast. No er det ikkje slik lenger. "Morning" "morn" vert bruka til alle tider og i alle tydingar.
- 15. Nei.
- 16. Sjå 14
- 17. Det var faste helsingar her. Også brukt noko no, men mest av folk over 30 år.

- 18. Ukjend.
- 19. Ja. Det har vori og er skikk å helsa både ute og inne.
- 20. Når ein kom og kjem til eit tun så bankar ein på døra og ventar til einkvan kjem ut. Etter vanleg helsing bed ein så om å få tala med husfaren. Er det kjende folk (grannar, bygdefolk) så bed ein om å få tala med han Lars, han Robert osv. Er det meir framande så spør ein etter Ellingsen, Lund og så vidare.
- 21. Ja.
- 22. Dei som inne var (og er) vil oftast gå stad opna døra når dei høyrer bankinga. Er den som kjem til tuns komen inn i gangen og bankar på stovedøra, så ropar dei som inne er: Kom inn. Den som kjem inn helsar det vanlege helsinga for tida på dagen, og vert ståande ved døra til han vert vist ein sess.
- 23. Ja. Det var skikken. Han slapp stå der lenge. I sers snøgge visittar: td. Gjeva eit bod om arbeid eller om sauesanking eller liknande, stod den innkomne ved døra og bar det fram, sa så farvel, godkveld o.l. og gjekk.
- 24. Hatten av med same han kom inn. Dette galdt også om det var ei snøggærend.
- 25. Stod det sess framme, sa ein: Sjå du får sitja. Bar ein fram stol, sa ein det same ~~med~~ når stolen var på plass.
- 26. Alle vart eins mottekne. Det var vel meir fråseggjort når det var langframande.
- 27. Heilt framande vart alltid vel ~~mottekne~~ mottekne, og etter same skikk som bygdefolk, men det heile var meir "stivt" til ein hadde fått veta litt meir om den framande.
- 28. Ein turka alltid av stolen (sessen) når ein sette han fram, --- dersom det var turvande då. Som oftast var sessane reine her i bygda. Og heilt framande vart oftast vist i bestestova, såframt det ikkje var for kaldt der. Og i bestestova måtte alltid reinsemda råda.
- 29. Dei vart møtte på tunet såframt ein merka at dei var komne, elles i døra, i gongen. Ein helsa i handa og bad dei vera velkomne. Så vart dei vist inn i stova som i gjestebodsstunder alltid var fjelga og tilstelt. Då var sessane tillaga på forhand. (benker ~~krings~~ langs veggene) Og der tok gjestene plass etter kvart dei kom.

- 30. Dei sa oftast : Far vel, Lev vel. Andre ordsvart lite nytta.
- 31. Det var ikkje ~~af~~ faste ordlag. Men mest vart det sagt: Takk for no. Takk for alt me har hatt saman. Eg ynskjer deg alt vel vidare i livet. Farvel.
- 32. Det var ikkje skikk å kyssa.
- 33.
- 34. Ukjent.
- 35. Ingen form for kyssing her.
- 36. For gaver vart det takka opp i handa.
- 37. Nei.
- 38. Her har eg høyrte slike vendingar: Gjev (namnet på den som skal kyssast) ein syttensilling, eller også: Gjev (han ,ho) ein kyss.
- 39. Foreldre, sysken, gode kjenningar "byter nase" med småborna.
- 40. Det var slike barnet kjende, men helst av huslyden.
- 41. Dei vaksne stal nasen til barnet ved å ta nasen mellom to fingrar(ingen visse fingrar) og sa då: "no tok eg nasen din. (På bygdemål: No tok eg nasa di) Dei kunne og seia: No kasta eg nasa di opp ~~pp~~ på hylla, opp på bjelken o.l. Som dei sa dette, gjorde dei ei kastande rørsle med handa.
- 42. Eg har sett vaksne kvinner leika med born. Det hender då at dei seier til barnet: Få kjenna mjuk-kjeka ditt.
- 43. Eg har berre sett dette mellom vaksne kvinner og born.
- 44. "Til lukke" vart helst sagt: Lukka til. Dette sa ein når folk skulle på ferd, t.d. ei byferd, ut med nota eller garnet, ved brudlaup, til budeia då ho drog på sætra, når ungdomen drog på skule, ved innflytting i nytt hus, eller ved innflytting på nykjøpt gard, eller når ungfolket tok stellet på garden, og mange andre tilhøve. Ordet vart mykje brukt som: Gratulerar. Ved kjøp av ny båt, not, hest, ku, klede m.m. vart det sagt: Slit med helsa.
- 45. God jul, godt nyttår, god påske, god pinse, til lukke med barnet, til dei trulova: De får ha lukka til, og til dei nygifte: Lukka til.
- 46. Ved motgong og dødsfall hadde visseleg ikkje folk noko faste ord. I alle høve har eg ikkje høyrte eller spurt om slike faste ord.
- 47. Ukjend.
- 48. Ukjend. *49. Ukjend.*
- 49. Folk seier "du" til alle (i eintal), "de" til alle i fleirtal. "De" var ikkje nytta før kring 1920-åra. *Frømlis like brukt.*

57. Nei.

"J" og "jer" ikkje brukt.

8729

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING